

Saksbehandlar: Einar Ulla, Sekretariat for kontrollutvala
Sak nr.: 17/7562-2

Samanslåing av dei tre revisjonseiningane KRYSS revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF revisjon IKS - val av revisjonsordning

**Kontrollsjefen rår kontrollutvalet til å gje slik tilråding:
Kontrollutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med atterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS.

Vedlegg:

- Rapport om samanslåing av dei kommunale
- Selskapsavtale for Sogn og Fjordane Revisjon IKS

Andre relevante dokument i saka:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Bakgrunn for saka er rapport om samanslåing av dei tre selskapa KRYSS revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF revisjon IKS. Det er utarbeidd ein rapport om samanslåinga, som er handsama av representantskapet i SF revisjon IKS 20. oktober.

Hausten 2016 gjorde styra i dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS revisjon), Kommunerevisjonen i Nordfjord og Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF revisjon) vedtak om å utgreie ei eventuell samanslåing av dei tre einingane. Rapporten som ligg føre er resultatet av denne utgreiinga. Styringsgruppa, som bestod av leiar og nestleiar i styra i dei tre selskapa, har vedteke å tilrå at ei ny revisjonseining skal kunne vere etablert og operativ frå 1. januar 2019. Styringsgruppa gjorde slikt vedtak i møte 15. september 2017:

- Styringsgruppa vil tilrå at dagens tre revisjonseiningar; Sogn og Fjordane revisjon IKS, Kommunerevisjonen i Nordfjord og Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon); vert slått saman til ei ny interkommunal revisjonseining heileigd av det offentlege (kommunar og fylkeskommunen) i Sogn og Fjordane.

- Styringsgruppa vil tilrå at det nye revisjonssamarbeidet får ein desentralisert organisasjonsstruktur som vert bygt vidare på den organiseringa som dagens revisjonseiningar har.
- Styringsgruppa vil tilrå at det nye revisjonssamarbeidet vert organisert som eit samarbeid etter Lov om kommunar o fylkeskommunar av 25.09.1992 nr. 107 (med seinare endringar), § 27 om interkommunalt samarbeid.

Kontrollutvalet er ikkje eit organ for utøving av fylkeskommunalt eigarskap. Kontrollutvalet har derimot eit ansvar for å gje tilråding vedr. val av revisjonsordning. Det står i kommunelova § 78 nr. 3.

Kommunestyret eller fylkestinget avgjør sjølv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling frå kontrollutvalget.

2. Vurderingar og konsekvensar

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi ved kjøp av slike tenester av SF revisjon IKS, der fylkeskommunen har ein eigardel på 44,45%.

Som resultat av regionsreforma skal Sogn og Fjordane fylkeskommune slå seg saman med Hordaland fylkeskommune. Dette skal skje frå og med 1. januar 2020. Fellesnemnda har fått i oppdrag av fylkestinga i dei to fylkeskommunane å vedta revisjonsordning for den nye fylkeskommunen. Val av revisjonsordning skal gjerast etter tilråding frå kontrollutvala i dei to noverande fylkeskommunane. Dette resulterer i at val av revisjonsordning for noverande fylkeskommune berre kan gjerast for perioden fram til 31. desember 2019.

I selskapsavtalen med SF revisjon IKS står det i § 12 at uttrede frå deltakarforholdet berre kan gjerast 31. desember. Det står vidare ein deltakar med eitt års skriftleg varsel kan seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet. Uttreden av selskapet skal, etter 3. avsnitt under § 12, varslast dei andre eigarane seinast 1 år og 3 månader før uttredingsdato, dvs. 30. september 2018.

Dette betyr at fellesnemnda må gjere vedtak om val av revisjonsordning - i eigenregi eller etter konkurranse - i løpet av våren 2018, slik at ein eventuell oppseiing av deltakarforholdet kan handsamast før 30. september 2018.

Dersom fellesnemnda gjer vedtak om val av revisjonsordning basert på konkurranse, vil det vere SF revisjon IKS fylkeskommune forhold seg til ved eventuell uttrede. Det nye selskapet er på det tidspunkt ikkje etablert.

3. Konklusjon

Val av revisjonsordning kan berre gjerast for fylkeskommunen fram til 31. desember 2019. Det er fellesnemnda som har fått fullmakt Val av revisjonsordning etter den tid er fellesnemnda sitt ansvar.